

Ein gamal offerstad.

Eg skreiv i Norsk Årbok 1932 um *kvalveiding i Skogsvåg*, og eg hermede der s. 93 det presten Christie skreiv i 1786 um *Kvalvollen*, at han »er indhegnet med nogle stene. Der siges at hvo som forðum inden denne bandede eller klamredes, mistede sin lod af Hvalen.«

Eg fann att den gamle Kvalvollen i 1932, og i øvste luten av honom var det ein steinring som eg trudde måtte vera ein gamal offerstad, men ingen visste noko å fortelja um honom. I sumar såg eg atter på staden, og då fekk eg tak i ein mann som sjølv hadde vore med å ofra der. Det var Hans Skoge, som no er 72 år gamal. Me gjekk langs med det gamle murfaret kring den gamle Kvalvollen. Me stogga attmed steinringen midt på vollen, 6—7 m. frå øvste steinfaret.

Kva nytta de dette til? spurde eg. — Jau, her sette me upp kvalsporden. Når kvalen var dregen på land, skar me sporden av, bar honom upp og mura honom ned her, — han måtte ikkje kløyvast nedmed sjøen. So sette me spordvengene mot kvarandre so dei vart ståande kvast upp, og mura deim so ned her. So skulde sol og vind tæra det upp. — Veit du, sa eg, at du hev vore med å ofra til dei gamle gudane?

Då såg han på meg.

— Det visste me ikkje noko um. Det var gamal skikk at slik skulde me gjera det.

Siste gongen dei nytta den gamle Kvalvollen og ofra til gudane, var i 1887. Då var Hans Skoge 24 år gamal.

Det vart for tungt å draga kvalen upp, jamvel på flod sjø. Men i den tidi då sjøen stod 1 m. eller vel so det høgare, var det berre på denne staden det var råd å draga kval på land.

So hev då landet lyft seg fram igjenom tidi, og etter kvart vart øyri på vestsida i Kvalviki større og større, og frå 1888 hev dei alltid drege kvalen upp der.

Den gamle Kvalvollen eller den *vigsla vollen* er um lag 25 m. lang og 12 m. breid. Offerstaden ligg i øvste enden, 6 m. frå murfari. Det er ei søkk i midten, med svart mold, og der er fullt av høvelege steinar til å stydja kvalsporden med. Utanum steinringen er jordi trakka ned. Her hev dei då gjeve gåva til gudane, til takk for den gode veidni.

Innanfor steinringen måtte dei ikkje »bande eller klamres«, hermde eg. — Jau, dei både banna og brukte munn, det hugsar eg godt, sa gamle Hans, men *dei skulde ikkje slåst* her. Dei måtte halda seg i skinnnet til dei kom utanum steinringen. Kniv eller handyvle måtte dei ikkje nytta her, elles miste dei luten sin.

Som ein gamal logsogemann fortalde Hans Skoge um korleis dei byter kvalen:

Merkestykki vert skorne ut fyrst, og dei vert lagde utanfor steinringen, og eigarmennene tek vare på deim.

Ialt er dette 9 tylvter eller luter. (Tylvt er nemning for ei viss vekt eller mengd av kjøt og spekk.) Hovud og sjondalutene¹⁾ er til saman 4 tylvter, veia 4 tylvter, og bae bøgslitil saman 1 tylvt.

Det som no er att av kjøt og spekk, vert bytt i 11 luter (tylvter). Desse tylvtene vert lagde innanfor steinringen frammed murfare. Det var desse det kunde verta strid um, og difor hadde dei skipa det slik at bytet kunde gå fredeleg fyre seg — innanfor ringen.

Desse 11 tylvtene var bytte slik: 4 gjekk til Skoge, 2 til Store Songal, 2 var voke-tylvter, og so 1 tiende-tylvter og 1 Angskottylvt og 1 skottylvt.

Men utanfor steinringen gjekk det ofte livalt til. Kvar ny skyttar måtte halda laget med sterk drykk. Når drepet (pili) hans vart skori ut, var det av stad etter brennevin. Tvo kannor var vanleg, men ein gong kjøpte ein ny skyttar 10 kannor, og då var det fullt alt saman.

¹⁾ Sjå Norsk Årbok 1932.



Den gamle Kvalvollen er bratt ned mot sjøen.
Folki syner kor langt han gjeng.



Innpå den gamle Kvalvollen. Offerstaden og steinringen syner i midten.

Den som var godteken til skyttar, hadde sidan lut i skot-tylvti. Og det var karar som kunde skjota. Hans Skoge fortalde um ein som skaut 3 piler etter kvarandre i same tvasen. (Fyrr sa dei tvase um kval, og tvóst um kvalkjøt).




Altmed offerstaden.



Noko av steinfalet syner.

Denne offerstaden mä verta freda, til minne um gamal tid og tru.

Det er ymse andre sedvanar som høyrer til gamal tid og gamal kultus.



*Kvalboge frå Sund, med
spenngaffel og pil.
Utstyret på dette biletet
er frå 1800-talet. Ein
reknar med at slikt
fangstutstyr har halde seg
nokså uendra fram
gjennom hundre-åra.
Kvalfangst med pil og
boge er nemnd i den
gamle Gulatingslova frå
900-talet.⁷*

